



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VURDERINGSRAPPORT

Strandebarm skule



14.-17. MARS 2005



Hardanger / Voss kompetanseregion

Vurderingsgruppa

1 Føreord

Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt : "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet.

Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Desse signala er forsterka i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. Klasse".

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har såleis vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylle kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd

Kven er vurderar ?

10 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdere dei 48 grunnskulane i regionen i løpet av 6 år, dvs. 8 skular pr år. 2 frå gruppa (vurderingspar) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

Kva gjer vurderarane ?

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

Rapporten

Vurderingsparet skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men kanskje eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert. Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

2 FAKTA OM SKULEN

Strandebarm skule ligg i Kvam herad og er ein 1-10 skule med 97 elevar. Nokre klassar er så få at dei er samla i grupper på tvers av årssteg og har felles kontaktlærar. Skulen er fysisk delt i to skulebygg, eitt for barneskule og eitt for ungdomsskulen.

I 2007 vil denne skulen, etter vedtak i kommunen, bli samleskule for mindre skular i området som vil bli nedlagt. Strandebarm skule er eit viktig sentrum i bygdesamfunnet.

3 VURDERINGSTEMA

Strandebarm skule har bede om vurdering på følgjande tema :

Arbeidsmåtar og læringsstrategiar

– korleis bruker me desse for å fremja læring?

4 KRITERIUM/KVALITETSKRAV

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine egne planar.

Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram.

Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet og av skulen.



Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa

Arbeidsmåtar og læringsstrategiar

– korleis bruker me desse for å fremja læring?

KRITERIUM	TEIKN PÅ GOD PRAKSIS
Lærarane legg opp til varierte arbeidsmåtar og læringsstrategiar	<ul style="list-style-type: none">• Lærarane har kunnskap om ulike arbeidsmåtar og læringsstrategiar og drøfter desse med kollegaer• Ulike læringsstrategiar og arbeidsmåtar vert drøfta med elevane• Skulen nyttar digitalt utstyr til gjennomføring av fagplanane• Lærarane ”ser” kvar elev kvar dag
Elevane bruker ulike arbeidsmåtar og læringsstrategiar i skulekvardagen	<ul style="list-style-type: none">• Elevane får opplæring i læringsstrategiar• Elevane arbeider på ulike måtar (t.d. uteskule, lek, prosjektarbeid, stasjonsarbeid...)• Elevane får uttrykkja seg på ulike måtar (t.d. drama, dans, foredrag, video...)• Elevane får trening i å disponera tida si• Ulike læringsaktivitetar går føre seg samstundes• Elevane har arbeidsro• Elevane kjenner vurderingskriteria• Elevane får vera med og vurdere eige arbeid
Elevane når læringsmåla	<ul style="list-style-type: none">• Elevane får tydelege læringsmål• Lærarane går gjennom læringsmåla saman med elevane før/etter arbeidsperiode• Elevane kan gjera val m.o.t. vanskegrad• Elevane kan gjera val m.o.t. arbeidsmåte• Elevane får tilbakemelding om arbeidet undervegs• Elevane får sluttvurdering av eige arbeid• Skulen gjennomfører elevsamtaler minst 2 gonger i året• Elevane har elevmapper eller annan dokumentasjon på læring• Skulen evaluerer resultat av kartleggingsprøver og nasjonale prøver• Skulen fylgjer opp resultatane av desse prøvene og set i gang tiltak
Foreldra er godt informert om skulearbeidet og arbeidsmåtar/læringsstrategiar	<ul style="list-style-type: none">• Dei føresette kjenner læringsmåla• Dei føresette kjenner arbeidsplanane / lekseplanane• Dei føresette er informert om arbeidsmåtar og læringsstrategiar som klassen bruker• Dei føresette får jamleg melding om den faglege utviklinga til eleven• Skulen gjennomfører foreldresamtaler minst 2 gonger i året• Det vert lagt til rette for tovegskommunikasjon når skule og heim møtast



Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa

5 DELTAKARAR I VURDERINGA

- Interne : elevar og tilsette ved skulen, samt foreldre/føresette
- Eksterne : Vurderingsparet; Ragnhild Skjerveggen og Jannicke Ophaug

Grunngeving for val av informantar

Ut frå det tema som skulen valde er det naturleg å bruka alle involverte i skulen.

6 TIDSBRUK

Det er avsett 1 veke til å vurdere ein skule. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsparet møter skulen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølve vurderinga, er vurderingsparet på skulen i inntil 3 dagar. Skulen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebur vurderingsparet informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar. Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.

TID	TILTAK	ANSVAR
Januar 2005	Skulen melder inn vurderingstema	Skulen
Veke 5	Vurderarane tek kontakt med skulen Skulen klargjer dokument	Vurderarane og skulen
Veke 6	Vurderarane sender Loggskjema for elevane til gjennomføring i veke 6 og 7	Vurderarane Skulen
Veke 7	Vurderarane sitt fyrste møte med skuleleiinga. Kriterium og teikn på god praksis vert sendt skulen. Utarbeiding av samtaleguidar og observasjonsskjema. Vurderarane lagar spørjeskjema til elevar, tilsette og føresette, for å skaffa seg kunnskapsgrunnlag. Sender spørjeskjema til skulen. Skulen gjev aksept, evt. endringsframlegg til skjema i løpet av kort tid. Skulen gjennomfører spørjeskjema denne veka/eller veke 9, og sender dei attende til vurderarane. Returnerer Loggskjema attende til vurderarane 18.	Vurderarane Skulen



Hardanger / Voss kompetanseregion

Vurderingsgruppa

	februar.	
Veke 8	Vinterferie	
Veke 9	Skulen gjennomfører spørjeskjema og sender dei attende til vurderarane. Oppsummering av logg- og spørjeskjema, konkludering	Skulen Vurderarane
Veke 10	Vidare utarbeiding av samtaleguidar og observasjonsskjema. Vurderarane sender sine endelege ynskje i høve observasjon og samtalar til skulen. Skulen planlegg den praktiske tilrettelegginga.	Vurderarane Skulen
Veke 11	Sjølve vurderingsveka Innhente informasjon: - Møte med foreldra gjennom FAU måndag 14/3 - Observasjon, møte, samtale og intervju, tysdag 15/3 og onsdag 16/3 - Samtale med rektor 15/3 og 16/3 Vurdering: - Rapporten vert lagt fram for personalet for kommentarar og evt. justeringar, torsdag 17/3	Vurderarane
Veke 14	Endeleg rapport og vurderingsdokument vert sendt skulen. Rapport vert sendt Kvam kommune v/skulesjefen.	Vurderarane
Innan veke 16	Skulen vert beden om å gje ei evaluering av vurderingsopplegget, på fastsett skjema.	Skulen
April/ Mai 2005	Rektor deler sine erfaringar m.m med dei andre skulane i kommunen på rektormøte. Rapport og spørjeskjema vert lagt ut på regionen si nettside; www.kompetanseregion.no .	Rektor Regionen
Oktober 2005	Tilbakemelding om kva tiltak som er sett i gang etter vurderinga.	Rektor og skuleeigar



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

7 METODAR

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. Vanlege metodar er dokumentanalyse, spørjeskjema, krysskjema, individuelle- og gruppesamtalar, møte og observasjon.

I denne vurderinga er følgjande metodar nytta:

Dokumentanalyse

Skulen sende vurderingsparet diverse relevante dokument; verksemdsplan, generell informasjon om arbeidsplanar, vekeplanar, elevinspektørane, plan for innføring av læringsstrategiar og andre planar.

Spørjeskjema

I forkant av skulebesøket sende vurderingsparet ut eit loggskjema om arbeidsmåtar. Dette vart fylt ut av 5.-7., 8. og 9. Det vart og sendt ut påstandsskjema til pedagogisk personale, foreldre/føresette og elevar i 1.-4. Desse vart returnerte til vurderingsparet for oppsummering.

Oppsummering av spørjeskjema

Oppsummeringa gav overflatekunnskap om kjennskap og bruk av arbeidsmåtar og læringsstrategiar sett frå dei ulike partane på skulen. Dei gav også innblikk i elevane sin skulekvardag og korleis lærarane jobbar med fokusområdet.

Kriterium og teikn på god praksis

Vurderingsparet i samarbeid med skulen utarbeidde kriterium og teikn på god praksis med utgangspunkt i L-97, "Kunnskapsløftet", skulen sine planar og resultatet av logg/spørjeundersøkinga.

Verktøy for vidare informasjonsinnhenting

For å kunna gjera djupdykk i temaet, laga vurderingsparet samtaleguidar for samtalar med dei tilsette, foreldre/føresette og elevane.

Vurdering

Vurderingsparet føretok ei vurdering, ved å spegla utsegnene frå innsamla materiale og samtalar mot utarbeidde kriterium og teikn på god praksis. Utifrå vurderinga vart det trekt ein konklusjon.



8 SKULEN SINE STERKE SIDER INNAN VURDERINGSOMRÅDET

A. Utviklingsarbeid innan læringsstrategiar

- skulen er allereie komne godt i gang med å arbeida med utviklingsområdet!
- lærarane er opne for nye idear og har vilje til å utvikla skulen
- elevane gir uttrykk for at arbeid med læringsstrategiar fører til betre læring.
- elevar og lærarar er einige om at bruken av læringsstrategiar fører til meir aktive elevar.
- skulen har plan for innføring og vidare arbeid av læringsstrategiar

B. Elevane trivest på skulen

- svært mange av elevane svara gjennom spørje/loggskjema og gjennom samtale at dei trives ved skulen. Foreldre/føresette gav uttrykk for det same.
- me møtte blide, høflege og opne elevar

C. Engasjerte lærarar som bryr seg

- foreldra gav ros til lærarane for deira arbeid
- det verkar som om det er god kontakt mellom heim og skule
- det er god kontakt mellom elev og lærar
- elevane opplever å få konstruktive tilbakemeldingar hjå lærarane
- me møtte imøtekommande og positive tilsette ved skulen

D. Det fysiske miljøet ved skulen er godt tilrettelagt for læring

- Klasserom og arbeidsromma ved barneskulen er lyse og trivelege. Romma er romslege i forhold til elevtala.
- skulen ligg flott til i naturnære område, som opnar opp for å kunna nytta uteområda i undervisninga
- skulen er godt utstyrt med blant anna symjebasseng og folkebibliotek
- det er reint og fint



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

9 SKULEN SINE UTVIKLINGSOMRÅDE INNAN VURDERINGSOMRÅDET

Skulen har arbeidd i kort tid med temaet læringsstrategiar, noko som gjer det vanskeleg å vurdera om det har fremja læring for elevane. Vurderingsparet vil derfor visa til korleis ein kan arbeida vidare med temaet.

A. Skulen er i starten av eit utviklingsarbeid innan arbeidsmåtar og læringsstrategiar, som må utviklast vidare.

- Skulen bør få høve til å vidareutvikla kunnskapane sine innan læringsstrategiar, for å innarbeida bruken av ulike strategiar
- leggja vekt på variasjon i arbeidsmåtar både i undervisninga generelt og på arbeidsplanane
- lærarane bør nytta meir arbeidsplanar for å leggja til rette for større variasjon og motivasjon for elevane, med progresjon etter alder
- gjera elevane meir bevisste på si eiga læring og korleis dei lærer
- arbeidsmåtar og læringsstrategiar bør i aukande grad etter alder vera tema på elev/foreldresamtalar
- nytta dei moglegheitene dei romslege skulebygga og uteområda gir til å kunna variera arbeidsmåtane

B. Læringsmåla bør bli tydlegare for elevane og foreldra/føresette.

- læringsmåla bør vera tydlege og konkrete på arbeids/veke/lekse-planane
- finna måtar å kontrollere at læringsmåla er nådd

C. Skulen bør utvikla rutinar for dokumentasjon på læring

- finna måtar å oppbevare elevarbeid for å kunna følgja den faglege utviklinga til den enkelte elev

D. Skulen bør arbeida for meir elevmedverknad

- La elevane få auka medverknad i val av arbeidsmåtar og læringsstrategiar som passar den enkelte
- nytta arbeidsplanar for å gje elevane større innverknad i skulekvardagen og på eiga læring
- la klassemøte og elevråd få større innverknad



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

10 VIDARE ARBEID ETTER 6 MND. - 2005 STRANDEBARM SKULE

Utviklingsområde	Idear	Dette er gjennomført etter 6 mnd	Tankar om vidare arbeid
Utviklingsarbeid innan arbeidsmåtar og læringsstrategiar må utviklast vidare.	<ul style="list-style-type: none">- variera arbeidsmåtene til elevane meir, laga ei "smørbrødlister"/loggbok over alle arbeidsmåtar ein kan bruka, for å sikra seg variasjon- i større grad differensiera arbeidsmåtene- skulen kan kartleggja den enkelte sin læringsstil- gje elevane større valfridom i val av arbeidsmåtar og læringsstrategiar, td. på arb.plan.- opna opp meir for at fleire læringsaktivitetar går føre seg samstundes som td. stasjonsarbeid og bruk av arbeidsplan- utvida bruken av arbeidsplan- la tilpassing av arbeidsmåtar og læringsstrategiar for den enkelte elev bli eit tema på elev- og foreldresamtalar		
Læringsmåla bør bli tydlegare for elevane og foreldra/føresette.	<ul style="list-style-type: none">- setja konkrete og målbare læringsmål på veke/lekse/arbeidsplanar, eller synleggjera og bevisstgjera måla på andre måtar		
Skulen bør utvikla rutinar for dokumentasjon på læring	<ul style="list-style-type: none">- Samle elevarbeid i ein eller annan form for mapper- finna måtar å sikra seg at læringsmåla vert nådd, td. små læringsmålstestar/veke/periodetestar-få øving i å vurdere eige og medelevar sitt arbeid- nytta målark		



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

Skulen bør arbeida for meir elevmedverknad	<ul style="list-style-type: none">-elevane bør få opplæring i korleis dei kan påverka og medverka i arbeidet med faga-laga ein plan for gjennomføring av klasse- og elevrådmøte- lærarane bør gje elevane høve til å påverka korleis arbeidet i faget blir lagt opp- elevane kan vera med å laga arbeidsplanar i ulike fag		

6 månadar etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Strandebarm 17.03.2005

Ragnhild Skjerveggen
vurderingsgruppa i Hardanger/Voss

Jannicke Ophaug
vurderingsgruppa i Hardanger/Voss



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VEDLEGG 1

1. - 4. trinn.

Skulen din har besøk. Me vil gjerne få vita litt om korleis du har det på skulen. Me vil også gjerne få vita litt om korleis du arbeider. Derfor vil me at du kryssar av på dette skjemaet.

Læraren les spørsmåla for deg, og du skal kryssa under det fjeset du meiner passar best.

☺ = Dette passar heilt slik det er

☹ = Det passar nokså bra

☹ = Det passar ikkje

		☺	☹	☹
1	Eg er trygg på skulen			
2	Eg har nokon å leika med på skulen			
3	Eg blir ikkje erta på skulen			
4	Eg ertar ingen på skulen			
5	Eg veit kva eg skal læra i timane			
6	Eg hjelper andre med skulearbeidet			
7	Eg får hjelp av andre med skulearbeidet			
8	Eg arbeider saman med nokon i timane			
9	Eg arbeider alltid åleine			
10	Vi sit i grupper			
11	Nokre gonger har vi arbeidsplan. Då kan vi velja kva vi gjer først			
12	Eg har brukt data på skulen			
13	Leksene mine greier eg godt			
14	Læraren min snakkar ofte med meg			
15	Læraren seier ofte at eg er flink			



Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa

VEDLEGG 2

Eg underviser i 1- 4

Eg underviser i 5 - 7

Eg underviser i 8 - 10

	PÅSTAND	I høg grad	I noko grad	I liten grad	Slett ikkje
1	Eg brukar arbeidsplanar				
2	Eg brukar veke/lekse- planar				
3	Elevane kan velja ulike arbeidsmåtar				
4	Eg brukar tavleundervisning				
5	Eg varierer arbeidsmåtene til elevane i undervisninga				
6	Det er arbeidsro i arbeidsøktene				
7	Elevane får opplæring ut frå sine føresetnader				
8	I klassen/gruppa mi går det føre seg fleire læringsaktivitetar samstundes				
9	Eg brukar digitale hjelpemiddel i undervisninga				
10	Elevane ved skulen får systematisk opplæring i bruk av ulike læringsstrategiar				
11	Alle lærarane ved skulen innfører og brukar læringsstrategiane som ligg i planane for skulen.				
12	Foreldra er kjende med dei ulike læringsstrategiane skulen nyttar.				
13	Elevane får betre læringsutbytte ved bruk av læringsstrategiane skulen nyttar.				
14	Leiinga ved skulen legg til rette kunnskapsdeling og utvikling for dei tilsette.				
15	Lærarane stiller relevante krav til elevane gjennom tydelege læringsmål				
16	Elevane får trening i å setja seg realistiske mål, og gje seg sjølv e utfordringar.				
	Berre for lærarar i 5-7 og 8-10:				
17	Lærarane gir elevane trening i å vurdere eige arbeid.				
18	Elevane har høve til å fordjupa seg				
19	Elevane har høve til å velja kva læringsstrategi dei ynskjer å nytta i læringsprosessen.				
20	Arbeidsmåtar og bruk av læringsstrategiar er tema i elevsamtalen				
21	Elevane får tilbakemeldingar med utviklingsråd arbeidet dei gjer.				
22	Elevane kjenner læringsmåla				
	Berre for lærarar i 1-4				
23	Eg brukar leik som læringsstrategi				

Andre kommentarar kring tema: _____



Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa

VEDLEGG 3

Til foreldre og føresette til elevar ved Strandebarm skule.

14.-17. mars får Strandebarm skule besøk av to personar frå vurderingsgruppa i Hardanger / Voss. Skulen ynskjer ekstern vurdering av korleis dei arbeider med tilpassa opplæring. Eit viktig vurderingsgrunnlag er foreldra sine opplevingar. Derfor vonar vi at alle foreldra fyller ut dette skjemaet, og returnerar det til skulen innan fredag 4. mars.

Venleg helsing

Ragnhild Skjerveggen og Jannicke Ophaug.

Påstandskjema for tilsette ved Strandebarm skule, barnetrinnet

Fokusområde: Tilpassa opplæring med hovudvekt på arbeidsmåtar og læringsstrategiar.

	Påstand	I høg grad	I noko grad	I liten grad	Slett ikkje
1	Eleven er trygg på skulen.				
2	Eleven får arbeidsoppgåver som han/ho klarer				
3	Eleven får tilbakemelding på skulearbeidet				
4	Skulen gjennomfører elevsamtalar				
5	Foreldra er kjende med korleis skulen arbeider med ulike læringsstrategiar				
6	Foreldra kjenner arbeidsmåttane på skulen				
7	Foreldra får jamleg tilbakemelding på eleven sitt skulearbeid.				
8	Veke- / arbeidsplanane er lette å skjønna.				
9	Eg veit kva barnet mitt skal læra på kvart trinn.				
10	Barnet si faglege og sosiale utvikling er tema på foreldrekonferanse.				
11	Eg veit at leik er ein måte å læra på.				
12	Skulen har gode rutinar for informasjon til foreldra.				
13	Samarbeidet med heimen fungerer godt.				



Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa

VEDLEGG 4

MØTE I FAU – STRANDEBARM SKULE

Måndag 14. mars kl.19.00 på skulen

I veke 11 får Strandebarm skule besøk av to personar frå Hardanger/Voss kompetanseregion, Ragnhild Skjerveggen og Jannicke Ophaug. Me vil følgja undervisninga og sjå på korleis skulen arbeider med tilpassa opplæring. Som ein del av vurderingsarbeidet ynskjer me samtale med foreldra ved skulen.

Tema for skulevurderinga er: Tilpassa opplæring med hovedvekt på arbeidsmåtar og læringsstrategiar.

- Vurderingsparet orienterer om vurderingsarbeidet og opplegget for veke 11.
- Samtale med foreldra

Helsing
Ragnhild Skjerveggen og Jannicke Ophaug

VEDLEGG 5

Samtale / gruppeoppgåver foreldre

Møte med FAU 14.03.05, kl. 19.00

1. Er det greitt for foreldra å følgja med på arbeidsplanane / lekseplanane til borna?
2. Kan du ut frå arbeidsplanar / lekseplanar sjå kva elevane skal gjera?
3. Er det tydeleg kva elevane skal læra?
4. Kjenner de til kva arbeidsmåtar det vert nytta ved skulen?
5. Har du inntrykk av at arbeidsmåtane er varierte, og at elevane får vera med å bestemma desse?
6. Kjenner du til dei nye læringsstrategiane som elevane arbeider etter?
7. Korleis får de som foreldre tilbakemelding på borna sitt skulearbeid?
8. Kunne de tenkt dykk å få oftare tilbakemelding?
9. Opplever de at borna trivest på skulen?
10. Barnet mitt får opplæring som er tilpassa han / henne?



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

VEDLEGG 6

Samtaleguide for elevane ved Strandebarm skule.

1. Elevane har det bra ved Strandebarm skule

A, Kva er det du liker ved skulen din?

B, Trur du at alle har det bra på skulen?

2. Arbeidsmåtar

A, Kan de fortelja om ulike måtar å jobbe med fag på (ute, drama, teikning, lytting, digitale verktøy osv.)
Kva måte å arbeida på likar du best? På kva måte trur de at de lærer best? Kor ofte jobbar de td. to og to, eller på data

B, Får elevane vera med å bestemma arbeidsmåtene? Kan elevane velja mellom ulike måtar å arbeida på?

C, Kva meinast med "varierte oppgåver/varierte arbeidsmåtar"? Er det varierte oppgåver på td. arbeidsplanen eller gjennom ein skuledag?

D, Er det arbeidsro i klassen når de arbeider?

3. Læringsstrategiar

A, Kan de seie noko om korleis de lærer noko på skulen?

B, Veit de om ulike måtar ein kan lære noko på?

C, Har de dette skuleåret jobba med det å lære på ulike måtar? Kva er td. læresamtale, tankekart, styrkenotat osv.

D, Kven har lært de desse måtene å lære på? Brukar de strategiane i alle fag?

E, Tykkjer de at det er lettare å lære noko når ein brukar ulike læringsstrategiar?

F, Kan de sjølve velja kva læringsstrategi/arbeidsmåte de ynskjer å nytta, eller er det læraren som fortel kva for ein de skal bruka? Er det td. val på arbeidsplanen dykkar?

G, Jobbar de på ulike måtar samstundes i klasserommet? Både ulike strategiar og arb.måtar (td. nokon lyttar, les på ulike måtar (tankekart), lærer gjennom samtale osv?)

H, Nyttar de strategiane de har lært til heimearbeid og?



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

3. Tilbakemelding/ vurdering for å fremja læring

- A, Veit de kva det er de skal læra i dei ulike faga? Korleis veit de det? (munnleg/ skriftleg?)
- B, Får de nyttige tilbakemeldingar på arbeid de gjer hjå læraren, med råd og tips til korleis ein kan jobba vidare og korleis ein kan læra betre på andre måtar? Både på ferdig produkt og undervegs? Er det slik at du veit kva du kan gjera betre neste gong?
- C, Har de ein plass de oppbevarer prøvar og arbeidet de gjer slik at de kan sjå om de har ei læringsutvikling?
- D, Er de med å vurdere eige arbeid saman med læraren, og evt. andre elevar sitt arbeid?
- E, Har de førebudde elevsamtalar med læraren dykkar der de tek opp korleis du betre kan læra deg lærestoffet? Om kva arbeidsmåtar og læringsstrategiar som passar for deg?
- F, Er du med på konferansetimane? Snakkar de her om korleis du lærer best? Kva arbeidsmåte og strategi som passar for deg?

VEDLEGG 7

Samtaleguide – personale

Det er trivsel på skulen

- Viser elevane teikn på auka trivsel?
- Er det mindre konflikhtar no enn før?
- Samarbeider elevane om oppgåveløysing

Det er godt samarbeid mellom heim og skule

- Kjenner foreldra borna sine arbeidsplanar?
- Har elevane arbeidsplanen med seg heim?
- Vert foreldra gjevnleg informert om elevane sitt arbeid? – Korleis?
- Er det tydeleg kva elevane skal læra?

Lærarane legg opp til varierte arbeidsmåtar og læringsstrategiar

- Me kjenner dei ulike læringsstrategiane.
- Kva typar arbeidsmåtar brukar du?
- Elevane er aktive i lærings situasjonen?
- Arbeidsmåtanane legg til rette for tilpassa opplæring?
- Har elevane høve til å velja kva læringsstrategi dei vil bruka ut frå kva som vil passa dei best?

Elevane når læringsmåla

- Er læringsmåla tydelege for elevane?
- Nyttar elevane mange ulike læringsmåtar?
- Korleis får elevane tilbakemelding på arbeidet sitt?
- Nyttar elevane noko form for mapper?
- Tek elevane ansvar for eiga læring?



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa



Hardanger / Voss kompetanseregion

Vurderingsgruppa

VEDLEGG 8

Logg, veke 6+7. Klasse:5.-7., 8. og 9. Ta fram skjemaet kvar dag, og set kryss under det du har vore med på ! Skriv så litt om korleis du tykkjer dagen har vore!

I dag har eg vore med på dette:	Arbeidd åleine.	Arbeidd saman med nokon.	Fått hjelp frå lærar.	Fått hjelp frå andre.	Hjelpt andre elevar.	Framført noko for klassen.	Arbeidd på data-maskin.	Eg har greidd oppgåvene mine.	Det var oppgåver eg ikkje fekk til.	Eg har kranvla med andre.	Eg har vore i aktivitet i pausane	Det har vore arbeidsro i klassen	Eg veit kva eg skal læra i faga.	Eg har bestemt noko i dag
Måndag 14.feb														
Denne dagen har vore:														
Tysdag 15.feb.														
Denne dagen har vore:														
Onsdag 16.feb.														
Denne dagen har vore:														
Torsdag 17.feb.														
Denne dagen har vore:														
Fredag 18.feb.														
Denne dagen har vore:														



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa